Folgefonna
nasjonalparkstyre

Møteinnkalling

Utval:	**Folgefonna nasjonalparkstyre**
Møtestad:	Folgefonnsenteret
Dato:	12.03.2026
Tidspunkt:	08:00

Eventuelt forfall må meldast snarast til nasjonalparkforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Godtgjørelser
Styremedlemmene skal sende inn skjema for reiseregning og krav om møtehonorar elektronisk via DFØ:

DFØ
Her kan du lese mer om retningslinjer for møtegodtgjørelser mm. for verneområde- og nasjonalparkstyrer.

Informasjon til styremedlemmer om føring av reiseregning, utgiftsrefusjon og honorar for styremøter

Satser 2025
Styremedlem: kr. 573,- pr. time
Styreleder: kr. 758,- pr. time
Møteforberedelse: kr 545,- pr. time.

Selvstendig næringsdrivende som har utgifter til eget kontor, behov for ekstrahjelp/avløser/vikar kan gis en høyere timesats for faktisk medgått tid:
Arbeid i møter: kr. 1577,- pr. time
Møteforberedelse: kr. 573,- pr. time

Erstatning tapt arbeidsfortjeneste:
Dokumentert tap i arbeidsinntekt inntil kr 2 516 per dag. Dokumentasjon må lastes opp.
Ikke-dokumentert, men sannsynliggjort tap i arbeidsinntekt inntil kr 1 010 per dag.

Aktuelle lønnarter:
5511 Møtegodtgjørelse timer
5533 Tapt arbeidsfortjeneste
Brukerhjelp: 406 34 021 / lonn@dfo.no
Statens personalhåndbok, kap. 10.14.2

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 8/26	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 9/26	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 10/26	Delegeringsreglement - Folgefonna nasjonalparkstyre 2026		2025/17855
ST 11/26	Prioritering av tiltaksmidlar 2026 - Folgefonna nasjonalparkstyre 2026		2025/17855
ST 12/26	Referatsaker		
RS 8/26	Anmodning om rapportering av antall anmeldelser til politiet i 2025 - Folgefonna nasjonalparkstyre 2026		2026/2145
RS 9/26	Klargjøring av unntak i verneforskrifter for militær operativ virksomhet		2025/17855
ST 13/26	Delegerte saker		
DS 1/26	Delegert løyve - Søknad om utvidet bruk av helikopter til Bondhusbreen inntak - Folgefonna nasjonalpark		2026/190
DS 2/26	Vedtak - fly materiale - helikopter - stølshus - Fynderdale - Folgefonna nasjonalpark		2026/3003
DS 3/26	Løyve - Søknad om utvidet bruk av helikopter til Bondhusbreen inntak - Folgefonna nasjonalpark		2026/190
DS 4/26	Delegert vedtak - Motorferdsel i verneområde - Folgefonna nasjonalpark - helikopter - Odda og Ullensvang turlag		2026/1886
DS 5/26	Løyve til dronefilming - Møsevatnet - Motorferdsel i verneområde - Folgefonna nasjonalpark - drone		2026/1747
DS 6/26	Delegert løyve - Folgefonna Nasjonalpark - motorferdsel - helikopter og snøskuter - utsetting av måleinstrument og undersøkingar - Universitetet i Bergen		2026/1541

ST 8/26 Godkjenning av innkalling og dagsorden
ST 9/26 Val av styremedlem til å skrive under protokollen

Folgefonna nasjonalparkstyre

Saksframlegg

Arkivsaksnr: 2025/17855-7

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 20.02.2026

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	10/26	12.03.2026

Delegeringsreglement - Folgefonna nasjonalparkstyre 2026

Vedlegg:

Innstilling frå forvaltar

Styret vedtek delegeringsreglementet.

Saksopplysningar

Styret har bestemt at delegeringsreglementet skal handsamast ein gong i valperioden, om lag eitt år etter konstituering av nytt nasjonalparkstyre.

Forvaltar har føreslått endringar i dagens reglement som tek inn dei endringane som er gjort i vedtektene for styret frå 19.01.2024.

Endringane er oppsummerte under:

- Klarare skilje mellom «kurante» og «prinsipielle» saker: Det nye utkastet gir ei tydelegare definisjon av kva som gjer ei sak kurant. Det vert no spesifisert at saker som gir varige inngrep eller effektar, som byggesaker og terrenginngrep, ikkje reknast som kurante og skal dermed ikkje handsamast som delegerte saker.
- Oppdatert mynde til nasjonalparkforvaltaren: Forvaltaren har fått fleire spesifiserte fullmakter i det nye utkastet samanlikna med 2016:
    - Mynde til å treffe vedtak i hastesaker (i samråd med styreleiar), om det er fare for skade på verneverdiane, som til dømes stans av ulovlege forhold eller pålegg om retting.
    - Mynde til å endre fristar fastsett av styret eller gi utsetjing av klagefrist.
    - Mynde til å avgjere utsett iverksetjing av vedtak etter forvaltingslova § 42.
    - Fullmakt til å avgjere oversending av saker til Miljødirektoratet med tilråding om å ileggje lovbrotsgebyr.

- Spesifisering av styreleiar si rolle: retten til å signere på vegne av styret, ta avgjerder i hastesaker som er reversible, og avgjere om ein klage skal gis oppsetjande verknad.
- Systematisk rullering: Det er no lagt inn eit krav om at reglementet skal handsamast ein gong i kvar valperiode, om lag eitt år etter at eit nytt styre er konstituert.
- Møteform: Det blir opna eksplisitt for bruk av elektroniske møte, noko som ikkje var spesifisert i 2016-dokumentet.
- Oppfølging av ulovlege forhold: Det nye utkastet listar tydeleg opp styret si mynde til å følgje opp ulovlege forhold gjennom politimelding, krav om retting, tvangsmulkt og direkte gjennomføring etter naturmangfaldlova.

Folgefonna nasjonalparkstyre

Saksframlegg

Arkivsaksnr: 2025/17855-12

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 05.03.2026

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	11/26	12.03.2026

Prioritering av tiltaksmidlar 2026 - Folgefonna nasjonalparkstyre 2026

Innstilling frå forvaltar

Styret vedtek tiltaksplanen for 2026

Saksopplysningar

Miljødirektoratet har tildelt midlar til nasjonalparkstyret for 2026

Post 1420.31 Tiltak i verneområde: 890 000,-

Framlegg til tiltaksplan

Tiltak	Stipulert kostnad
Opprette ressursgruppe under merkevaren Med representanter frå innfallsportane med alle tre kommunar representert	
Skjøtselsplan for almeskog i Bondhusdalen (2021)	150 000
- Gjerde inn unge almetre	
- Ulike ryddetiltak rundt enkelte tre	
Styve gamle almetre etter plan	
Moglegheitsstudie og forprosjektering av innfallsportane Langfoss, Buer, Velkomstsenteret Folgefonna og Rosendal*	350 000
Forprosjektering og detaljprosjektering innfallsport Bondhusdalen	150 000
Prosjektere granhogst Furebergsdalen	50 000
Ferdselsteljarar innkjøp og drift	60 000
Materiell til brukarundersøking	50 000

Følgje opp tiltak for å ta vare på kvartærgeologiske kvalitetar, etter plan		50 000
Kanalisering og revegetering i Bondhusdalen, fleire tiltak		30 000
Verneskilt, underskilt droneforbod, 15 stk		5 250
SUM	**895 250**	
TILDELT	**890 000**	

Post 1420.21 Midler til drift og planarbeid: 750 000,-

Framlegg til budsjett 2026:

Driftsutgifter for utvala		
Møtegodtgjersle for Folgefonna nasjonalparkstyre		74 050
Reiseutgift Folgefonna nasjonalparkstyre		28 240
Møteutgift Folgefonna nasjonalparkstyre		25 000
Sum Folgefonna nasjonalparkstyre		**127 290**
Reiseutgifter for rådgivende utval		6 000
Møtekostnader rådgjevande utval		5 000
Sum Rådgjevande utval		**11 000**
Møtekostnader revidering av forvaltningsplan		30 000
Sum driftsutgifter		**168 290**
Andre utgifter		
Grunnstøtte til infrastrukturtiltak*		100 000
Oppdatering av nettstaden www.folgefonna.info		100 000
Revidering av forvaltningsplan – lønsmidlar m.m.		500 000
SUM behovsinnmelding	**868 290**	
TILDELT	**750 000**	

Vurdering

Det er tildelt midlar til å dekke dei fleste postane på tiltaksplanen og for drift. Under lister eg opp status for tiltaka det er søkt om pengar til.

Status innfallsportar

- Rosendal:
  - Områdeplanen er i sluttfasen i kommunen.
  - Folgefonnsenteret har blitt tildelt midlar til informasjonsområde og uteinstallasjon
- Langfoss
  - Det er planlagt å søke om byggeløyve i løpet av våren 2026
  - Førebels usikkert korleis utforminga på utsida vil bli
- Velkomstsenteret
  - Overteke av kommunen.
  - Ein moglegheitsstudie frå 2020 har idé om natursti og informasjonstilbod knytt til anlegget
- Buer
  - Skiltinga treng å oppgraderast
  - Sendt førespurnad til grunneigar
- Bondhusdalen
  - Moglegheitsstudie frå 2025, tiltak godkjent av grunneigarar
  - Klar for prosjektering

Diverse

Skjøtselsplan for almeskog i Bondhusdalen

- Forespurnad om pris på tiltak sendt til to tilbydarar. Dei må på synfaring først.
- I kontakt med grunneigar, OK

Prosjektere granhogst i Furebergsdalen

- Kontakt med grunneigar
- Treng hjelp frå skogbruk/statsforvaltaren eller Vestskog e.l. for å planlegge hogsten

Ferdselsteljarar

- MDIR arbeider med ein mal for innkjøp av teljarar nasjonalt. Vi kan kjøpe før eller etter den er klar.

Materiell til brukarundersøking

- Student har oppretta samarbeid med Norsk Institutt for naturforskning
- Vil ha fokus på Bondshusdalen
- Usikker på om det er behov for pengar til å støtte prosjektet

Følgje opp tiltak for å ta vare på kvartærgeologiske kvalitetar, etter plan

- Tilbod om å kjøpe småoppdrag og materiell til skilting og liknande.

Kanalisering og revegetering i Bondhusdalen, fleire tiltak

- Forespurnad om tilbod om skjøtselsoppdrag sendt ut

Verneskilt, underskilt droneforbod, 15 stk

- Kjøper på fellesavtale, SNO sett opp

Driftsmidlar

Løyving på 100 000 mindre enn det er søkt om.

Ugifter til styret i 2026

- Møtegodtgjersle og reisegodtgjersle
- Studietur (ikkje sett opp budsjett enno)

Grunnstøtte til infrastrukturtiltak

- Vegen i Bondhusdalen treng vøling igjen

Oppdatering av nettstaden www.folgefonna.info

- Besøkssenteret har teke på seg drift av sida. Treng oppdatering av fagleg innhald og kart og nettsider på engelsk og tysk

Revidering av forvaltningsplan – lønsmidlar m.m.

- Statsforvaltaren har føreslege ei løysing med avløysing via mellombels tilsette i Bergen som har erfaring med nasjonalparkstyre.

ST 12/26 Referatsaker

Miljø-
direktoratet

Folgefonna nasjonalparkstyre
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Trondheim, 27.01.2026

Deres ref.:

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
2025/15336

Saksbehandler:
Lise Rognes

Anmodning om rapportering av antall anmeldelser til politiet i 2025

Vi viser til Stortingsmelding nr. 19 (2019-2020) om Miljøkriminalitet hvor regjeringen har valgt to strategier i arbeidet mot miljøkriminalitet, hhv. forebyggende tiltak og oppfølgning av lovbrudd som er begått. Det er et sentralt mål å styrke den strafferettslige forfølgningen av miljøkriminalitet, blant annet ved å styrke anmeldelsespraksis.

I arbeidet med miljøkriminalitet og som ledd i oppfølging av St. Meld nr. 19 (2019-2020) om Miljøkriminalitet, ber Miljødirektoratet om en kort oversikt over alle nye anmeldelser som er fra verneområdestyrene til politiet i 2025 og som omhandler brudd på miljøregelverket.

Vi ber om følgende informasjon fra styrene;
Navn på verneområdet
Gjerningskommune
Gjerningstidspunkt
Anmeldt foretak, av personvernhensyn skal navn på privatpersoner ikke oppgis, her er det tilstrekkelig å angi at den anmeldte er "privatperson"
Tema
Lovverk
Dato for anmeldelse
Anmeldelsesnummer
Status (Eksempler: ikke avgjort/henlagt (inkl. på hvilket grunnlag)/straffereaksjon (forelegg, betinget/ubetinget dom, inndragning, rettighetstap)

Vi ber også om rapportering dersom det ikke er anmeldt brudd på miljøregelverket i 2025.

Videre ber vi også om rapportering på status på anmeldelser rapportert inn til Miljødirektoratet for tidligere år og som tidligere ikke er rapportert som avsluttet.

Det skal ikke rapporteres på anmeldelser inngitt av andre samarbeidsparter som for eksempel SNO eller fjelloppsynet.

Postadresse: Postboks 5672, Torgarden, 7485 Trondheim | **Telefon:** 73 58 05 00
E-post: post@miljodir.no | **Internett:** www.miljødirektoratet.no | **Organisasjonsnummer:** 999 601 391
Besøksadresser: Brattørkaia 15, 7010 Trondheim | Grensesvingen 7, 0661 Oslo
Besøksadresser Statens naturoppsyns lokalkontorer: Se www.naturoppsyn.no

Miljø-
direktoratet

Rapporteringen gjøres i brev til Miljødirektoratet som merkes unntatt offentlighet, jf. offl. § 24 andre ledd andre setning. Brevet skal merkes med sak 2025/15336.

Det settes frist for tilbakemelding til 1. mars 2026.

Hilsen
Miljødirektoratet

Dette dokumentet er elektronisk godkjent

Tone Lise Alstad Eid
seksjonsleder

Lise Rognes
seniorrådgiver

Miljø-
direktoratet

Folgefonna nasjonalparkstyre
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Trondheim, 08.02.2026

Deres ref.:	Vår ref. (bes oppgitt ved svar):	Saksbehandler:
	2026/1795	Hege Langeland

Klargjøring av unntak i verneforskrifter for militær operativ virksomhet

Vedlagt oversendes brev fra Klima- og miljødepartementet 16.01.2026 med klargjøring av unntaket om militær operativ virksomhet i verneforskrifter.

(Dette brevet sendes til statsforvalteren, nasjonalpark- og verneområdestyrer og kommuner med forvaltningsmyndighet for verneområder.)

Hilsen
Miljødirektoratet

Dette dokumentet er elektronisk godkjent

Terje Qvam	Hege Langeland
seksjonsleder	seniorrådgiver

Vedlegg

1 Klargjøring av unntak i verneforskrifter for miltær operative virksomhet

2 Orientering til forvaltningsmyndighetene om definisjonen av militær operative virksomhet

Postadresse: Postboks 5672, Torgarden, 7485 Trondheim | **Telefon:** 73 58 05 00
E-post: post@miljodir.no | **Internett:** www.miljødirektoratet.no | **Organisasjonsnummer:** 999 601 391
Besøksadresser: Brattørkaia 15, 7010 Trondheim | Grensesvingen 7, 0661 Oslo
Besøksadresser Statens naturoppsyns lokalkontorer: Se www.naturoppsyn.no

ST 13/26 Delegerte saker

Folgefonna nasjonalparkstyre

Postadresse
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Besøksadresse
Folgefonnsenteret
Skålafjæra 17
5470 Rosendal

Kontakt
Sentralbord: +47
Direkte: +47 5557 2135
sfvlpost@statsforvalteren.no
https://www.nasjonalparkstyre.no/folgefonna

Statkraft SF
Postboks 200 Lilleaker
0216 OSLO

Saksbehandlar Astrid Bakke Haavik **Vår ref.** 2026/190-2 432.3 **Dykkar ref.** **Dato** 14.01.2026

Delegert vedtak

Delegasjonssak	**1/2026**

Delegert løyve - Søknad om utvidet bruk av helikopter til Bondhusbreen inntak - Folgefonna nasjonalpark

Delegert vedtak

I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak:

Med heimel i Forskrift om vern av Bondhusdalen landskapsvernområde § 3 punkt 5.3 b), og forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark § 3 punkt 6.3 i) gjev Folgefonna nasjonalparkstyre Statkraft løyve til bruk av helikopter for nyttetransport i Folgefonna nasjonalpark. For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- *Løyvet gjeld i tidsrommet 01.02.2026 - 30.04.2027*
- *Løyvet gjeld totalt 130 turar til Vindauget (sjå kart)*
- *Transporten skal om mogleg skje utanom helg og heilagdagar*
- *Det skal førast køyrebok årleg som viser dato, køyrerute og føremål med turane. Kvar enkelt tur skal førast i køyreboka før transporten begynner*
- *Køyreboka skal følgje med under transporten*
- *Køyrebok for sesongen skal sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre i**nnan 31. desember kvart år** Merk med referanse: 2023/15249. Send gjerne på e-post til: sfvlpost@statsforvalteren.no*

Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje set til side reglane i motorferdslelova eller anna lovverk. Kontakt Kvinnherad kommune om dette.

Dokument i saka

- Søknad frå Statkraft, 19.12.2026

Søknaden

Statkraft søkjer i brev datert 19.12.2025 om løyve til motorferdsel for å frakte personell og material til breinntaket ''Vindauget'' som ligg i Bondhusdalen landskapsvernområde rett ved

grensa til Folgefonna nasjonalpark ved bondhusbreen. Det er behov for arbeid inne i vassvegen, då lausmassar har samla seg opp. På grunn av plassering og vanskeleg tilkomst er det behov for å oppgradere buarealet på Vindauget og å frakte mannskap inn og ut med helikopter. Arbeidet vil føregå over fleire månader, og krev eit stort tal turar, sjå overslag i tabell under. Sjølve arbeidet i vassvegen er forventa gjennomført i 2026, men er véravhengig og kan også utsetjast til vinteren 26/27.

Aktivitet	Helikopterbehov	Samlet totalt turer
Rehabilitering av bygg	Daglig mannskap t/r morgen og kveld. Lastflyging utstyr opp, rivingsavfall ned, nedrigg utførte arbeider	40 turer opp 40 turer ned
Arbeider i vannvei	Ukentlige turer mandag opp og torsdag ned. Lastflyging maskiner og materiell. Mannskapsturer	30 turer opp 20 turer ned
		Samlet antas det 130 t/r

Helikopterturer knyttet til dette prosjektet vil bli særs merket i kjøreloggen som årlig rapporteres inn.



Raud ring viser plassering av Vindauget. Kartet viser også grensene mellom landskapsvernområdet (lys grønt) og nasjonalparken (mørkare skravur)

Verneforskrift og verneformål

Søknaden må vurderast etter *Forskrift om vern av xx landskapsvernområde* og forvaltningsplan for Folgefonna nasjonalpark. Saka skal også vurderast i høve til naturmangfaldlova §§ 8-12.

I *Forskrift om vern av Bondhusdalen landskapsvernområde* § 3 punkt 5:

5. *Motorferdsel*

5.1 Forbod mot motorferdsel

Motorferdsel er forbode på land, i vatn og i lufta under 300 meter.

Drift og vedlikehald av tekniske anlegg
Statkraft SF har fleire anlegg og installasjonar innanfor Bondhusdalen landskapsvernområde, noko som fører til ein del aktivitet knytt til drift og vedlikehald.

Pkt. 1.2 b i vernereglane opnar for

1. Drift og vedlikehald av eksisterande energi- og kraftanlegg. Bruk av motorisert transport må skje i samsvar med lov om motorferdsel § 4 e.
2. Nødvendig istandsetjing av anlegg ved akutt utfall
3. Oppgradering/fornying av anlegg når dette ikkje fører til vesentlege fysiske endringar i forhold til verneføremålet.

Når det gjeld det siste punktet kan forvaltingsstyresmakta, jf. pkt. 1.3 j og 5.3 c, gje løyve til oppgradering som ikkje fell inn under pkt. 1.2 b.

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til motorferdsel i samband med slike føremål, jf. pkt. 5.3 b og c i vernereglane. Ved motorferdsel i samband med reparasjonar ved akutt utfall skal det i etterkant sendast melding til forvaltingsstyresmakta, jf. pkt. 1.2 b2.

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Statkraft har eit fleirårig løyve til årleg tilsyn og vedlikehald i sak 2023/15249.

Verneforskrifta for Folgefonna nasjonalpark har eit generelt forbod mot motorisert ferdsle etter § 3 pkt 6.1.

Det er opning i § 3 punkt 6.3 for at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

i) Nødvendig motorferdsel i samband med drift, vedlikehald, og oppgradering/fornying av eksisterande energi- og kraftanlegg, jf. § 3 punkt 1.2.b. nr. 1 og 3.

Vurdering

Statkraft har anlegg og installasjonar som krev tilsyn, vedlikehald og oppgradering innanfor Bondhusdalem landskapsvernområde. Regelverket rundt motorferdselen knytt til denne aktiviteten er fragmentert og krev vurdering av kva som er vanleg drift (ikkje søknadspliktig) og istandsetjing, oppgradering og fornying (krev løyve etter verneforskrifta). I mange tilfelle vil behovet for motorferdsel og tiltak havne i grenselandet mellom desse aktivitetane. Det er naudsynt å oppgradere anlegget på Vindauget for å gjennomføre jobben som krevs her. Det er eit krevjande terreng og forvaltar ser for seg at det er vanskeleg å ha tilfyking til Vindauget utan at ein passerer grensa til nasjonalparken og lågfykingsforbodet som gjeld der.

Kravet om løyve for naudsynt motorferdsel i verneområda er sett fordi motorferdsel i naturen førar til ein rekke ulemper som støy, forureining, forstyrringar av dyreliv og konfliktar med friluftslivet.

Det er difor viktig å setje ei grense for tal turar, prøva å samle turane og unngå å køyre i hekkettida for sårbare artar og på sundagar og heilagdagar for å unngå konflikt med friluftsliv og unødig forstyrring av dyrelivet i området.

Ved vurdering av søknaden har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene ved bruk av helikopter i høve verneføremålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. I følgje Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området ikkje registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av den motoriserte ferdsla på denne tida av året (databasane er sist sjekka 14.01.2026). Det er særleg kongeørn som førebur hekking som er utsett for forstyrring frå helikopter i perioden januar-juli. Det er ikkje kjente hekkelokalitetar i nærleiken av Vindauget.

I høve naturmangfaldlova § 12 skal ein ta utgangspunkt i best eigna driftsmetodar, teknikk og lokalisering for å unngå skader på naturmiljøet. Til dømes gjeld dette type motorferdsel som er mest skånsam for naturen. Snøskuter på vinterføre eller helikopter er dei to aktuelle transportformene, og begge er skånsame for terrenget.

Jf. § 10 i naturmangfaldlova skal det vurderast samla belastning som naturmiljøet er eller vert utsett for. Forvaltaren har vurdert samla belastinga i området og vurderer den som avgrensa. Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er vurdert men ikkje funne relevant i denne saka. Nasjonalparkstyret ynskjer at fleirårige løyve skal vurderast i løpet av styreperioden. Det er difor høve til å søkje om fleirårig løyve for ein 4 års periode. Det er sett vilkår for kva type transport som er tillate i løyvet. Køyreboka skal leverast etter avslutta sesong kvart år, **seinast 31. desember.**

Informasjon om klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Astrid Bakke Haavik
nasjonalparkforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL
Statsforvaltaren i Vestland, miljøavdelinga	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER

Folgefonna nasjonalparkstyre

Postadresse
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Besøksadresse
Folgefonnsenteret
Skålafjæra 17
5470 Rosendal

Kontakt
Sentralbord: +47
Direkte: +47 5557 2135
sfvlpost@statsforvalteren.no
https://www.nasjonalparkstyre.no/folgefonna

Signe Bondhus-Jensen
Bondhus 25
5476 MAURANGER

Saksbehandlar Astrid Bakke Haavik **Vår ref.** 2026/3003-2 **Dykkar ref.** **Dato** 09.02.2026

Delegert vedtak

Delegasjonssak	**2/2026**

Løyve til å fly materiale med helikopter til stølshus i Fynderdalen, Folgefonna nasjonalpark

I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak:

Med heimel i Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark § 3 punkt 6.3 f), gjev Folgefonna nasjonalparkstyre Signe Bondhus løyve til bruk av helikopter for nyttetransport i Folgefonna nasjonalpark. For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld i tidsrommet 01.05 – 30.09.2026
- Løyvet gjeld for transport av material og tak til vøling av sel
- Løyvet gjeld for inntil 2 turar
- Transporten skal om mogleg skje utanom helg og heilagdagar
- Løyvet gjeld ikkje persontransport
- Før transport skal Statens Naturoppsyn ved Rune Mikkelsen varslast, anten på e-post rune.mikkelsen@miljodir.no eller på telefon **907 73 117**
- Søkjar fører køyrebok som viser dato, køyrerute og føremål med turane før kvar enkelt tur
- Køyreboka skal følgje med under transporten
- Køyrebok sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre **innan 31. desember.** Merk med referanse: 2026/3003. Send gjerne på e-post til: sfvlpost@statsforvalteren.no

Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje set til side reglane i motorferdslelova eller anna lovverk. Kontakt Kvinnherad kommune om dette. Selet kan vere rekna som verneverdig etter kulturminnelova, ta kontakt med fylkeskommunen for tips og råd ved vedlikehald og oppussing.

Søknaden

Søkjar skal bytte tak og vindauge på selet sitt i Fynderdalen i Folgefonna nasjonalpark. Det er behov for to hiv med helikopter for å frakte material inn og avfall ut etter byggearbeidet. Fyking skal samordnast med når Statkraft har helikopter i området. Det nye taket vil verte

tilsvarande bølgeblikkplater med grå/svart farge, og med tilsvarande vindauge med trefarga rammer.

Selet der er søkt om å bytte tak og vindauge på. Bilete henta frå naturoppdrag.no.

Vurdering

Saka gjeld motorferdsel i Folgefonna nasjonalpark.
Søknaden må vurderast etter *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* og forvaltningsplan for Folgefonna nasjonalpark. Saka skal også vurderast i høve til naturmangfaldlova §§ 8-12.

I *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* § 3 punkt 6.1 står det at «*Motorferdsel er forbode på land, vatn og i lufta under 300 meter*».

Verneforskrifta for Folgefonna nasjonalpark har eit generelt forbod mot motorisert ferdsle etter § 3 pkt 6.1. Det er opning i § 3 punkt 6.3 for at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

f) Bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller helikopter for transport av material, utstyr og proviant til hytter, stølshus og liknande.

I følgje forvaltningsplanen for Folgefonna nasjonalpark er nødvendig transport i samband med husdyrhald: Å frakte utstyr til bruk i næringa, t.d. saltsteinar, gjerdemateriell, materialar for vedlikehald av tilsynsbuer og stølshus og proviant til slike.
Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

<u>Naturmangfaldlova § 8-12:</u>
Jamfør naturmangfaldlova §§ 8-12 skal eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag leggast til grunn for vurdering av saka. Ein må sjå på kva verknader motorferdsla har i høve verneformålet og naturmiljøet i området. Saka må vurderast opp mot samla belastning totalt, samt at ein må vurdera om val av driftsmetode, teknikk og lokalisering er eigna og mest skånsam for naturmiljøet.

Vurdering etter verneforskrifta og naturmangfaldlova §§ 8-12:
Ein kan sjå behovet for å få køyrt inn utstyr i samband med vedlikehald av hytter og stølshus, og det er opna for å gje løyve til denne type motorferdsel i verneforskrifta. Transporten skal gå føre seg med helikopter for å unngå slitasje på terreng. Så lenge utsjånad på selet ikkje vert

Ved vurdering av søknaden har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene ved bruk av helikopter i høve verneføremålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. I følgje Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området ikkje registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av den motoriserte ferdsla på denne tida av året (databasane er sist sjekka 09.02.2026).

I høve naturmangfaldlova § 12 skal ein ta utgangspunkt i best eigna driftsmetodar, teknikk og lokalisering for å unngå skader på naturmiljøet. Til dømes gjeld dette type motorferdsel som er mest skånsam for naturen. Motorferdsel i naturen fører til ei rekke ulemper som støy, forureining, forstyrringar av dyreliv og konfliktar med friluftslivet. Det er difor viktig å setje ei grense for tal turar, prøva å samle turane og unngå å køyre på sundagar og heilagdagar for å unngå konflikt med friluftsliv og unødig uroing av dyrelivet i området.

Jf. § 10 i naturmangfaldlova skal det vurderast samla belastning som naturmiljøet er eller vert utsett for. Forvaltaren har vurdert samla belastinga i området og meiner den er avgrensa. Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er vurderte men ikkje funne relevant i denne saka, då vi har tilstrekkeleg kunnskap om verknadene av tiltaket og det ikkje vert forringing av miljøet som må kostnadsdekkast.

Køyreboka skal leverast etter avslutta sesong, **seinast 31. desember.**

Informasjon om klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Astrid Bakke Haavik
nasjonalparkforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:
1 Køyrebok - Folgefonna nasjonalparkstyre

Kopi til:
SNO Rosendal

Folgefonna nasjonalparkstyre

Postadresse
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Besøksadresse
Folgefonnsenteret
Skålafjæra 17
5470 Rosendal

Kontakt
Sentralbord: +47
Direkte: +47 5557 2135
sfvlpost@statsforvalteren.no
https://www.nasjonalparkstyre.no/folgefonna

Statkraft SF
Postboks 200 Lilleaker
0216 OSLO

Saksbehandlar Astrid Bakke Haavik **Vår ref.** 2026/190-4 432.3 **Dykkar ref.** **Dato** 20.02.2026

Delegert vedtak

Delegasjonssak	**3/2026**

Løyve - Søknad om utvidet bruk av helikopter til Bondhusbreen inntak - Folgefonna nasjonalpark

Delegert vedtak

I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak:

Med heimel i *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* og naturmangfaldlova § 48 gjev Folgefonna nasjonalparkstyre Statkraft ved Georisiko løyve til bruk av drone til å filme i Folgefonna nasjonalpark.

For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld 20.02.-20.05.2026.
- Løyvet gjeld for filming for å vurdere skredfare ved Vindauget i Bondhusdalen
- Dronepilot må gjere seg kjent med vernereglane
- Filminga skal om mogleg skje utanom helg og heilagdagar.
- Ved publisering av filmmateriale må det komme klart fram at søkjar har fått løyve til å filme frå Folgefonna nasjonalparkstyre.
- Om rovfugl eller ramn vert observert ved fyking skal ein straks avbryte filminga
- Køyrebok for sesongen skal sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre i**nnan 31. mai 2026** Merk med referanse: 2026/190. Send gjerne på e-post til: sfvlpost@statsforvalteren.no

Med heimel i forskrift om vern av Bondhusdalen landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48 gjev Folgefonna nasjonalparkstyre Statkraft ved Georisiko løyve til å setje opp ein container for oppbevaring av førstehjelpsutstyr m.m.

For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld i tidsrommet: 20.02.-20.05.2026

- Løyvet gjeld for mellombels plassering av container innanfor område avmerka på kart.
- Plassering og ev. forankring må skje utan inngrep i terrenget.
- Container fjernast seinast 20.05.2026



Lovheimel:
Saka gjeld to ting, søknad om å fly drone for å vurdere skredfare og søknad om å setje opp ein container for oppbevaring av førstehjelpsutstyr og utstyr for alpin redning.

Container
Det er ikkje opna for å setje opp mellombelse innretningar i Bondhusdalen landskapsvernområde. Difor må tiltaket vurderast etter naturmangfaldlova § 48.

Drone
Det er ingen reglar mot bruk av drone i Bondhusdalen landskapsvernområde, men sidan området ligg heilt på grensa til nasjonalparken er det naturleg å tenke at det er naudsynt å fly inn i nasjonalparken. I Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark § 3 punkt 7.2. står det:

Bruk av motor på modellfly, modellbåt, isbor o.l. er forbode.

Under denne bestemminga fell også bruk av dronar. Det er ikkje opning for å søkje om dette gjennom verneforskrifta og difor må saka vurderast etter den generelle dispensasjonsheimelen i § 48 (dispensasjon frå vernevedtak) i naturmangfaldlova

som seier at nasjonalparkstyret kan gjera unntak frå eit vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtaket sitt formål og ikkje kan påverke verneverdiane nemnande, eller dersom tryggleiksomsyn eller omsyn til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt.

Saka skal også vurderast i høve til naturmangfaldlova §§ 8-12. Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal komme fram av vedtaket korleis prinsippa er vurderte og lagt vekt på i saka.

Vurdering av saken
Begge tiltaka som er omsøkte er naudsynte tiltak for å sikre tryggleiken ved utføring av vedlikehaldsarbeid på Statkraft sine installasjonar i Bondhusdalen landskapsvernområde. Det er lagt opp til at vernet ikkje skal vere til hinder for kraftverka si verksemd i området.

Bruk av drone er forbode i Folgefonna nasjonalpark, men det er høve å søke Folgefonna nasjonalparkstyre om dispensasjon gjennom den generelle dispensasjonsheimelen i naturmangfaldlova § 48. I så fall gjeld strenge reglar for å få dispensasjon. I dette tilfellet skal drona brukast for å sikre tryggleiken til dei som arbeider med oppgradering. Arbeidstilhøva ved Vindauget er særs krevjande og det er behov for å setje opp ein container med utstyr til alpin redning utanfor rasfare. Forvaltar ser behovet for å trygge arbeidet. Tiltaket er mellombels og vil lette arbeidet betydeleg, og vil ikkje skade verneverdiane på lang sikt.

Delar av verneområdet har særleg sårbar natur, mens andre deler er særleg viktige friluftsområde. Å oppleve stillheit og ro er blant dei viktigaste årsakene til at folk går på tur og driv med andre former for friluftsliv. Dronar fører med seg vesentleg støy og kan difor berre tillatast til strengt naudsynte føremål og med vilkår som sikrar verneverdiane i eit langsiktig perspektiv. Både nasjonale retningsliner og forvaltningsplanen legg vekt på at støy i urørt natur skal avgrensast i størst mogleg grad.

Ved vurdering av søknaden har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene ved bruk av drone i høve verneføremålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. I følgje Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området ikkje registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av droneflyging på denne tida av året (databasane er sist sjekka 19.02.2026). Det er kjent at rovfugl og kråkefuglar som kan finnast i området kan reagere negativt på dronar, særleg når dei dannar territorier rundt hekketida. For å unngå skade på fugl og forstyrring skal drona setjast på bakken med ein gong ein ser fugl i nærleiken.

I høve naturmangfaldlova § 12 skal ein ta utgangspunkt i best eigna driftsmetodar, teknikk og lokalisering for å unngå skader på naturmiljøet. Det vert sett krav om å

merke publisert materiale med at det er filma etter løyve frå nasjonalparkstyret, då det er elles er vanskeleg for publikum å vite dette.

Jf. § 10 i naturmangfaldlova skal det vurderast samla belastning som naturmiljøet er eller vert utsett for. Forvaltaren har vurdert samla belastinga i området og vurderer den som avgrensa. Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er vurderte men ikkje funne relevante i denne saka.

Informasjon om klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med hilsen

Astrid Bakke Haavik
nasjonalparkforvalter

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Berge.Brattabo@statkraft.com>

Folgefonna nasjonalparkstyre

Postadresse
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Besøksadresse
Folgefonnsenteret
Skålafjæra 17
5470 Rosendal

Kontakt
Sentralbord: +47
Direkte: +47 5557 2135
sfvlpost@statsforvalteren.no
https://www.nasjonalparkstyre.no/folgefonna

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Saksbehandlar Astrid Bakke Haavik **Vår ref.** 2026/1886-2 432.3 **Dykkar ref.** «REF» **Dato** 19.02.2026

Delegert vedtak

Delegasjonssak	**4/2026**

Løyve til frakt med helikopter i Folgefonna nasjonalpark - Odda og Ullensvang turlag

Delegert vedtak

I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak

I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak:

Med heimel i *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* § 3 punkt 6.3, gjev Folgefonna nasjonalparkstyre Odda/Ullensvang turlag løyve til bruk av helikopter og snøskuter for nyttetransport i Folgefonna nasjonalpark. For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld i tidsrommet 01.04 – 30.06.2026
- Løyvet gjeld for transport av material til bygging av sikringsbu på Holmaskjer
- Løyvet gjeld for inntil 20 turar med helikopter
- Løyvet gjeld for inntil 10 turar med snøskuter
- Transporten skal om mogleg skje utanom helg og heilagdagar
- Løyvet gjeld ikkje persontransport
- Før transport skal Statens Naturoppsyn ved Rune Mikkelsen varslast, anten på e-post rune.mikkelsen@miljodir.no eller på telefon **907 73 117**
- Det skal førast køyrebok årleg som viser dato, køyrerute og føremål med turane. Kvar enkelt tur skal førast i køyreboka før transporten begynner
- Køyreboka skal følgje med under transporten
- Køyrebok for sesongen skal sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre i**nnan 31. desember.** Merk med referanse: 2026/1886. Send gjerne på e-post til: sfvlpost@statsforvalteren.no

Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje set til side reglane i motorferdslelova eller anna lovverk. Kontakt Ullensvang kommune om dette.

Lovheimel:

Saka gjeld motorferdsel i Folgefonna nasjonalpark.

Søknaden må vurderast etter *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* og forvaltningsplan for Folgefonna nasjonalpark. Saka skal også vurderast i høve til naturmangfaldlova §§ 8-12.

Verneforskrifta for Folgefonna nasjonalpark har eit generelt forbod mot motorisert ferdsle etter § 3 pkt 6.1. Det er opning i § 3 punkt 6.3 for at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

g) Bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller helikopter for transport i samband med drift av turisthytter.

Frå Forvaltingsplan for Folgefonna nasjonalpark: «*Løyve til bruk av beltekjøretøy på snø eller helikopter kan verte gjeve i samband med drift av turisthytter (forsyningar av matvarer og brensel), men slik transport skal haldast på eit minimum. Motorisert persontransport er ikkje tillate.*

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Naturmangfaldlova § 8-12:

Jamfør naturmangfaldlova §§ 8-12 skal eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag leggast til grunn for vurdering av saka. Ein må sjå på kva verknader motorferdsla har i høve verneformålet og naturmiljøet i området. Saka må vurderast opp mot samla belastning totalt, samt at ein må vurdera om val av driftsmetode, teknikk og lokalisering er eigna og mest skånsam for naturmiljøet.

Vurdering etter verneforskrifta og naturmangfaldlova §§ 8-12:

Ein kan sjå behovet for å få køyrt inn utstyr i samband med vedlikehald av hytter og stølshus, og det er opna for å gje løyve til denne type motorferdsel i verneforskrifta. Transporten skal gå føre seg med helikopter eller snøskuter for å unngå slitasje på terreng.

Ved vurdering av søknaden har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene ved bruk av helikopter i høve verneføremålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. I følgje Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området ikkje registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av den motoriserte ferdsla på denne tida av året (databasane er sist sjekka 19.02.2026).

I høve naturmangfaldlova § 12 skal ein ta utgangspunkt i best eigna driftsmetodar, teknikk og lokalisering for å unngå skader på naturmiljøet. Til dømes gjeld dette type motorferdsel som er mest skånsam for naturen. Snøskuter på vinterføre eller helikopter er dei to aktuelle transportformene, og begge er skånsame for terrenget. Motorferdsel i naturen fører til ei rekke ulemper som støy, forureining, forstyrringar av dyreliv og konfliktar med friluftslivet.

Det er difor viktig å setje ei grense for tal turar, prøva å samle turane og unngå å køyre på sundagar og heilagdagar for å unngå konflikt med friluftsliv og unødig uroing av dyrelivet i

området. Det er sett eit tak på 10 turar for snøskuter mellom Markjelke og Holmaskjer då det ikkje er ønskeleg med mykje motorferdsel i dette området.

Jf. § 10 i naturmangfaldlova skal det vurderast samla belastning som naturmiljøet er eller vert utsett for. Forvaltaren har vurdert samla belastinga i området og meiner den er avgrensa. Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er vurderte men ikkje funne relevant i denne saka, då vi har tilstrekkeleg kunnskap om verknadene av tiltaket og det ikkje vert forringing av miljøet som må kostnadsdekkast.

Nasjonalparkstyret ynskjer at fleirårige løyve skal vurderast i løpet av styreperioden. Det er difor høve til å søkje om fleirårig løyve for ein 4 års periode. Det er sett vilkår for kva type transport som er tillate i løyvet. Køyreboka skal leverast etter avslutta sesong kvart år, **seinast 31. desember.**

Informasjon om klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Astrid Bakke Haavik
nasjonalparkforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Folgefonna nasjonalparkstyre

Postadresse
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Besøksadresse
Folgefonnsenteret
Skålafjæra 17
5470 Rosendal

Kontakt
Sentralbord: +47
Direkte: +47 5557 2135
sfvlpost@statsforvalteren.no
https://www.nasjonalparkstyre.no/folgefonna

MICHAL WLADYSLAW

Saksbehandlar Astrid Bakke Haavik **Vår ref.** 2026/1747-2 432.3 **Dykkar ref.** **Dato** 20.02.2026

Delegert vedtak

Delegasjonssak	**5/2026**

Løyve til dronefilming ved Møsevatnet - Motorferdsel i verneområde - Folgefonna nasjonalpark - drone

Delegert vedtak

I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak

Med heimel i Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark og naturmangfaldlova § 48 gjev Folgefonna nasjonalparkstyre Michal Wladyslaw løyve til bruk av drone til å filme i Folgefonna nasjonalpark.

For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld 06.06.2026
- Løyvet gjeld for inn til ein times flytid i område vist på kart
- Dronepilot må gjere seg kjent med vernereglane
- Filminga skal om mogleg skje utanom heilagdagar.
- Ved publisering av filmmateriale må det komme klart fram at søkjar har fått løyve til å filme frå Folgefonna nasjonalparkstyre.
- Om rovfugl eller ramn vert observert ved fyking skal ein straks avbryte filminga
- Før transport skal Statens Naturoppsyn ved Rune Mikkelsen varslast, anten på e-post rune.mikkelsen@miljodir.no eller på telefon 907 73 117
- Køyrebok for sesongen skal sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre innan 31. desember kvart år Merk med referanse: 2026/1747. Send gjerne på e-post til: sfvlpost@statsforvalteren.no

Søknaden

Michal Wladyslaw søker om å fly en liten drone over en del av Folgefonna isbre rett ved Insta Mosevatnet. Formålet med flygningen er produksjon av naturfilm som viser verneverdiene og det unike landskapet i Folgefonna nasjonalpark. Filmen skal fokusere på isbreen og omkringliggende naturområder, og bidra til å formidle kunnskap om

naturen og viktigheten av å verne slike områder. Filmen er ment til publisering med et utdannende og informativt formål, ikke til kommersiell reklame for enkeltpersoner eller bedrifter. Tiltak for å minimere påvirkning: Droneflyvingen vil begrenses til et lite område, med forsiktig bruk for å ikke forstyrre dyreliv eller natur. Ingen fysisk tilgang til sårbare områder vil være nødvendig. Det er en av de minste dronene på markedet, med en vekt under 250 gram og med svært lavt støynivå.

Lovheimel:
Saka gjeld bruk av drone i Folgefonna nasjonalpark. Søknaden må vurderast etter Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark, § 48 i naturmangfaldlova og forvaltingsplan for Folgefonna nasjonalpark. Saka skal også vurderast i høve til naturmangfaldlova §§ 8-12.

I Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark § 3 punkt 7.2. står det:

Bruk av motor på modellfly, modellbåt, isbor o.l. er forbode.

Under denne bestemminga fell også bruk av dronar. Det er ikkje opning for å søkje om dette gjennom verneforskrifta og difor må saka vurderast etter den generelle dispensasjonsheimelen i § 48 (dispensasjon frå vernevedtak) i naturmangfaldlova som seier at nasjonalparkstyret kan gjera unntak frå eit vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtaket sitt formål og ikkje kan påverke verneverdiane nemnande, eller dersom tryggleiksomsyn eller omsyn til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt.

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal komme fram av vedtaket korleis prinsippa er vurderte og lagt vekt på i saka.

Vurdering av saken
Bruk av drone er forbode i Folgefonna nasjonalpark, men det er høve å søke Folgefonna nasjonalparkstyre om dispensasjon gjennom den generelle dispensasjonsheimelen i naturmangfaldlova § 48. I så fall gjeld strenge reglar for å få dispensasjon. Produksjon av naturfilm og naturinformasjon har tidlegare fått løyve til bruk av helikopter til filming. I slike tilfelle kan bruk av drone ha mindre påverknad enn alternativet med helikopter og det vert vurdert. Lovar og regler legg ikkje opp til filming med drone til privat bruk, dokumentering av aktivitet, marknadsføring av einskildaktivitetar og bedrifter mm.

Delar av verneområdet har særleg sårbar natur, mens andre deler er særleg viktige friluftsområde. Å oppleve stillheit og ro er blant dei viktigaste årsakene til at folk går på tur og driv med andre former for friluftsliv. Over 80 % oppgjer fred og stillheit i naturen som motivasjon for å gå på tur. Dette må vi rekne med er særleg gjeldande når folk ferdast i ein nasjonalpark, der urørt natur er hovudføremålet med vern. Dronar fører med seg vesentleg støy og kan difor berre tillatast til strengt naudsynte føremål og med vilkår som sikrar verneverdiane i eit langsiktig perspektiv. Både nasjonale retningsliner og forvaltningsplanen legg vekt på at støy i urørt natur skal avgrensast i størst mogleg grad.

Ved vurdering av søknaden har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene ved bruk av drone i høve verneføremålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. I følgje Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området ikkje registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av droneflyging på denne tida av året

(databasane er sist sjekka 20.02.2026). Det er kjent at rovfugl og kråkefuglar som kan finnast i området kan reagere negativt på droner, særleg når dei dannar territorier rundt hekketida. For å unngå skade på fugl og forstyrring skal drona setjast på bakken med ein gong ein ser fugl i nærleiken.

I høve naturmangfaldlova § 12 skal ein ta utgangspunkt i best eigna driftsmetodar, teknikk og lokalisering for å unngå skader på naturmiljøet. Til dømes gjeld dette kva type motorferdsel som er mest skånsam for naturen. For å filme frå lufta i nasjonalparken er det berre drone eller filming frå helikopter som er aktuelt. Droner er mykje meir skånsamme for verneverdiane å bruke enn helikopter, då dei er mindre, bråkar mindre og krev mindre flytid. Det er veldig populært å ha droner for tida og faren med å gje eit løyve er at folk som ser ein drone som fyker i området har lite moglegheit for å vite om ein treng løyve for å fly lovleg. Det vert oppfordra til å informere så godt som råd er når ein er på ein lokalitet og filmer, slik at publikum skjønnar at det ikkje er fritt fram å filme med dronar i verneområdet. Det vert også sett krav om å merke publisert materiale med at det er filma etter løyve frå nasjonalparkstyret, då det er elles er vanskeleg for publikum å vite dette.

I dette tilfellet meiner ikkje forvaltar at bruk av drone ha stor verknad på verneføremåla eller føre til ein vesentleg negativ påverknad av verneverdiane. Det er likevel viktig å setje ei grense for tal turar, prøva å samle turane og unngå å kjøre på sundagar og heilagdagar for å unngå konflikt med anna friluftsliv og unødig forstyrring av dyrelivet i området.

Jf. § 10 i naturmangfaldlova skal det vurderast samla belastning som naturmiljøet er eller vert utsett for. Forvaltaren har vurdert samla belastinga i området og vurderer den førebels som avgrensa. Om mengda dronefyking aukar betrakteleg, må ein vurdere samla belasting på nytt. Det har dei siste åra vore fleire tilfelle av ulovleg fyking i verneområdet og det viktigaste er å informere om regelverket. Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er vurderte men ikkje funne relevante i denne saka.

Informasjon om klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Astrid Bakke Haavik
nasjonalparkforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Folgefonna nasjonalparkstyre

Postadresse
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Besøksadresse
Folgefonnsenteret
Skålafjæra 17
5470 Rosendal

Kontakt
Sentralbord: +47
Direkte: +47 5557 2135
sfvlpost@statsforvalteren.no
https://www.nasjonalparkstyre.no/folgefonna

Jostein Bakke
Nøysomheten 17
5232 PARADIS

Saksbehandlar Astrid Bakke Haavik **Vår ref.** 2026/1541-2 432.3 **Dykkar ref.** **Dato** 03.03.2026

Delegert vedtak

Delegasjonssak	**6/2026**

Delegert løyve - Folgefonna Nasjonalpark - motorferdsel - helikopter og snøskuter - utsetting av måleinstrument og undersøkingar - Universitetet i Bergen

Delegert vedtak

I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak

Med heimel i Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark og naturmangfaldlova § 48, gjev Folgefonna nasjonalparkstyre Universitetet i Bergen v/Jostein Bakke løyve til bruk av snøskuter og helikopter for nyttetransport og bruk av drone for datainnsamling i Folgefonna nasjonalpark.

For løyvet gjeld følgjande vilkår:
- Løyvet gjeld i tidsrommet 05.03-15.05.2026.

Overvaking på Nordfonna:
- Løyvet til snøskuter gjeld for inntil 3 turar t/r Vassdalsvatnet – Austre Nordfonna (sjå kart i saka) og til å køyre med isradar på Austre delar av Nordfonna (avmerka på kart)
- Løyve til å filme med drone i Folgefonna nasjonalpark i område avmerka på kart, inntil 1 time total flytid i perioden.

Instrumentutsetting på Folgefonna:
- Løyvet gjeld for utsetjing av ein klimastasjon på toppen av Folgefonna for sesongen 2026 og 2027.
- Det er gitt løyve til to turar med helikopter ein for opprigging og for nedrigging etter sesongen i 2027.

Kartlegging øvst i Bondhusbreen
- Løyvet gjeld lågflyging med helikopter med underhengande radar og avsetjing av snøskuter på Fonnabu, 4 turar

- Løyvet gjeld også køyring med snøskuter med isradar, inntil 4 turar t/r Fonnabu-Bondhusbreen.

For alle tiltaka:
- Transporten skal om mogleg skje utanom helg og heilagdagar
- Løyvet gjeld ikkje persontransport
- Før transport skal Statens Naturoppsyn ved Rune Mikkelsen varslast, anten på e-post rune.mikkelsen@miljodir.no eller på telefon **907 73 117**
- Det skal førast køyrebok årleg som viser dato, køyrerute og føremål med turane. Kvar enkelt tur skal førast i køyreboka før transporten begynner
- Køyreboka skal følgje med under transporten
- Køyrebok for sesongen skal sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre **innan 15.juni.** Merk med referanse: 2026/1541. Send gjerne på e-post til: sfvlpost@statsforvalteren.no
- Alle forskingsresultat vert gjort tilgjengeleg for nasjonalparkstyret og Folgefonnsenteret som arbeider med formidling av verneverdiane i Folgefonna nasjonalpark.

Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje set til side reglane i motorferdslelova, grunneigars rett eller anna lovverk. Kontakt Kvinnherad/Ullensvang kommune om dette.

Dokument i saka

Søknaden

Jostein Bakke sendte søknad på vegne av Universitetet i Bergen 20.01.2026.

Søknaden gjeld motorferdsle i samband med tre forskingsprosjekt på og rundt Folgefonna vinteren 2026. Det er behov for:

Helikopter:
– To landingar for utsetting av klimastasjon på toppen av Sørfonna.
– Fire landingar og låge flygingar (ca. 30 m over isen) for radarmålingar på Bondhusbreen.

Snøskuter:
– Køyring frå Vassdalsvatnet til breen på Nordfonna for isradarundersøkingar ved innsjøen ovanfor Måge.
– Detaljmålingar på Bondhusbreen etter helikopterflygingane. Snøskuteren er planlagt flydd opp til Fonnabu og køyrt derifrå til Bondhusbrea.

Drone:
– Kartlegging av den nye innsjøen ovanfor Måge for å lage 3D-modellar.
Formålet er å overvake klima, snø og is, kartleggje naturfare og forstå endringar i hydrologi og brear i Hardanger. Metodane er skånsame og nødvendige for å sikre god samfunns- og beredskapskunnskap.

«Som ein del av det nye forskingsprogrammet i CMT skal vi setje ut og drifte instrumentering for kontinuerlege målingar av meteorologiske og glasiologiske parametre på toppområdet av

Sørfonna, Folgefonna. Utstyret vil sende data i sann tid og utgjer ein viktig del av ei større satsing på å forstå klimatisk og hydrologisk endring i norske fjellområde. I tillegg skal vi overvake ein nyutviklande proglasiær innsjø ovanfor Måge. Denne innsjøen kan representere ein potensiell flaumrisiko, og det er difor naudsynt med både isradar-undersøkingar og høgoppløyst fotogrammetri.

Data frå arbeidet vil vere avgjerande for å overvake og forstå raske endringar i norske bre- og fjellområde, vurdere framtidige vassvegar, flaumrisiko og hydrologiske endringar, å betre samfunnssikkerheita for lokalsamfunn i Hardanger, å vidareutvikle metodar for sanntids glasiologisk overvaking. Prosjektet byggjer på erfaringar frå tidlegare forsking på Folgefonna, men utgjer ein vesentleg utviding av overvakinga. Data som vert samla inn skal brukast av PhD og masterstudentar ved både Insitutt for geovitskap og Geofysisk Instiutt, Univeristetet i Bergen.»



Kart som viser dei planlagte tiltaka

Lovheimel

I Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark § 3 punkt 6.1 står det at «Motorferdsel er forbode på land, vatn og i lufta under 300 meter».

Søknaden må vurderast etter Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark og forvaltningsplan for Folgefonna nasjonalpark. Saka skal også vurderast i høve til naturmangfaldlova §§ 8-12.

Nasjonalparkstyret kan gjera unntak frå eit vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtaket sitt formål og ikkje kan påverke verneverdiane nemnande, eller dersom

tryggleiksomsyn eller omsyn til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt. I dette tilfellet vil ikkje motorferdsla ha stor verknad på verneføremåla eller føre til ein vesentleg negativ påverknad av verneverdiane.

I Forvaltningsplanen frå 2011 er desse retningslinene lista opp:

- *«Forskingsprosjekt som krev dispensasjon etter § 48 i naturmangfaldlova skal utførast av instans med relevant forskingskompetanse.*
- *Forskingsprosjekt som vil medføre motorferdsel eller inngrep vert generelt fråråd, men må vurderast i kvart enkelt tilfelle.*
- *Forskings- og undervisningsopplegg som like gjerne kan gjennomførast utanfor verneområda, bør visast dit.»*

Jamfør naturmangfaldlova §§ 8-12 skal eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag leggast til grunn for vurdering av saka. Ein må sjå på kva verknader motorferdsla har i høve verneformålet og naturmiljøet i området. Saka må vurderast opp mot samla belastning totalt, samt at ein må vurdera om val av driftsmetode, teknikk og lokalisering er eigna og mest skånsam for naturmiljøet.

Vurdering

Søkar vil bruke mtorferdsel for å gjennomføre forskingsprosjekt i Folgefonna nasjonalpark. Ved vurdering av søknaden har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene ved bruk av helikopter og snøskuter i høve verneføremålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. I følgje Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området ikkje registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av den motoriserte ferdsla på denne tida av året (databasane er sist sjekka 03.03.2026). Det kan vere ukjente hekkelokalitetar av kongeørn i området der det er søkt om lågtflyging og tidsrommet for fykinga er difor uheldig. Forvaltar ser behovet for å fly når breen er farbar med skuter og vurderer at risikoen for å øydelegge for ein mogleg hekking er låg, då det ikkje er kjent hekking i området no.

Både nasjonale retningsliner og forvaltningsplanen legg vekt på at motorferdsel skal avgrensast i størst mogleg grad. I lovgjevinga knytt til motorferdsel i utmark er det sett eit skilje mellom transport av naudsynt utstyr i samband med hus, hytter og landbruksverksemd, der det er opna for å søke om løyve og persontransport, der det er lite rom for å gje løyve.

Å oppleve stillheit og ro er blant dei viktigaste årsakene til at folk går på tur og driv med andre former for friluftsliv. Over 80 % oppgjer fred og stillheit i naturen som motivasjon for å gå på tur. Dette må vi rekne med er særleg gjeldande når folk ferdast i ein nasjonalpark, der urørt natur er hovudføremålet med vern. Det er positivt at kunnskapen om Folgefonna, breen og klima blir betra. Det er også viktig at Universitetet gjer kunnskapen tilgjengeleg for formidling via nasjonalparkstyret og besøkssenter for Folgefonna.

I høve naturmangfaldlova § 12 skal ein ta utgangspunkt i best eigna driftsmetodar, teknikk og lokalisering for å unngå skader på naturmiljøet. Til dømes gjeld dette type motorferdsel som er mest skånsam for naturen. Snøskuter på vinterføre eller helikopter er dei to aktuelle transportformene, og begge er skånsame for terrenget. Motorferdsel i naturen fører til ei rekke ulemper som støy, forureining, forstyrringar av dyreliv og konfliktar med friluftslivet.

Det er difor viktig å setje ei grense for tal turar, prøva å samle turane og unngå å køyre på sundagar og heilagdagar for å unngå konflikt med friluftsliv og unødig uroing av dyrelivet i området.

Jf. § 10 i naturmangfaldlova skal det vurderast samla belastning som naturmiljøet er eller vert utsett for. Forvaltaren har vurdert samla belastinga i området og meiner den er avgrensa. Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er vurderte men ikkje funne relevant i denne saka, då vi har tilstrekkeleg kunnskap om verknadene av tiltaket og det ikkje vert forringing av miljøet som må kostnadsdekkast.

Omsøkte tiltak omfattar totalt 6 turar med helikopter og 6 turar med snøskuter. Kvar tur vil ha kort varighet. Ut frå tidsrommet for ferdsel og kjennskap til artsmangfald så er verknaden for naturmangfald vurdert til å vera svært liten.

Nasjonalparkstyret ynskjer at fleirårige løyve skal vurderast i løpet av styreperioden. Det er difor høve til å søkje om fleirårig løyve for ein 4 års periode. Det er sett vilkår for kva type transport som er tillate i løyvet. Køyreboka skal leverast etter avslutta sesong kvart år, **seinast 31. desember**

Informasjon om klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Astrid Bakke Haavik
nasjonalparkforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL
Ullensvang kommune	Opheimsgt. 31	5750	ODDA